

Vi har alt til utvendig behandling!

A/S Volda Jarn & Farge
Snippa 6 - Tlf. 70 07 64 77

NORDVEST ELEKTRO AS

medlem av **EL-PROFFEN**

Noregs største kjede av frittstående elektroentreprenørar
Tlf. 70 07 44 70

Få tilpassa linser hjå oss

Friske auge 14 000 gongar om dagen

Blink, så forstår du www.dailies.no

OPTIKK VOLDA
Tlf. 70 07 70 19 - Halkjølsgt. 13 - 6100 Volda

Gjer kroppen bikiniklar MATIS NYTT

Tonislím - oppstrammende og feittforbrennende

Sun-kissed glow bodylotion - Kroppskrem med brun utan sol effekt

Unik hud- og kroppspleie
Roysgata 15, Volda
Tlf. 70 05 55 70
www.unikhudpleie.no



* Espen Faugstad under eit filmprosjekt i Uganda i 2008.

Jobbferie i Vietnam

I tre veker skal to volda-studentar reise rundt i Vietnam. Ingenting er planlagt i detalj. Det viktigaste dei har med seg i kofferten er kamerautstyr og ei god dose med pågangsmot.

- Vi tek ting som det kjem. Det er planen, fortel Juliane Kravik. Saman med Espen Faugstad reiser ho til Vietnam 30. mai. Målet er å ta så mange bilde som muleg av landet og folket. Prosjekttittelen er "100 ansikt".

- Vi vil fange historiene til menneske som vi møter i Vietnam. Definisjonen på ansikt kan også sjølvsagt vere eit ansikt av Vietnam. Det treng ikkje nødvendigvis vere berre portrett vi tek. Vi har ikkje gjort ei einaste avtale, og

det er litt av tanken. Vi vil ikkje reise som typiske turistar. Turen blir til mens vi reiser, seier Kravik.

- Er vi heldige kan vi kanskje få vere saman med ei lokal familie for å sjå korleis dei har det og korleis dei lever.

God erfaring

Kravik og Faugstad studerer media, IKT og design ved Høgskulen i Volda. Turen til Vietnam vil vere ei god erfaring å vise til seinare, trur dei.

- For det første er det ein fin måte å reise på. Det blir kanskje ikkje så mykje ferie som det blir jobbing, men det vil heilt klart telle positivt seinare, seier Kravik.

Dei vil lage både film og bildeutstilling i etterkant av reisa.

At valet fall på Vietnam er litt tilfeldig.



* Vietnam. Foto: www.prosjektvietnam.no.

- Eg har budd i Thailand, og då hørde eg alltid historier om kor fantastisk det var i Vietnam. Thailand er nydeleg det også, men Vietnam er ikkje så infisert av turistar.

Paret har ikkje bestilt seg noko form for overnatting. Dette gjer dei heilt bevisst.

- Vi trur og håper at det kan vere med på å føre oss nærare

lokalbefolkninga. Vi vil ha mulegheita til å gripe dei sjansane som byr seg. Vi vil fange dei historiene som treff oss, og då gjeld det å vere på rett stad til rett tid, seier Kravik.

Under heile turen kjem dei til å oppdatere bloggen sin; www.prosjektvietnam.no.

JANNE-MARIT M. FALCH



* Juliane Kravik i Egypt, hausten 2009.

Frifunnen og fekk erstatning

Ei kvinne i starten av 30-åra frå Volda er i Søre Sunnmøre tingrett frifunnen etter å ha blitt bøtelagt for valdsbruk. Kvinna vedtok ikkje bota på 3.000 kroner, som ho vart ilagt etter å ha slått ei anna kvinne i ansiktet med flat hand. Såleis hamna saka i retten. Fornærma og tiltalte har begge tidlegare hatt ei forhold til den same mannen, og begge har born med han. I januar i år kom fornærma på døra til tiltalte, under påskot av å skulle hente noko i leilegheita. Ho hadde med seg tanta til den før omtalte mannen. I gangen vart det oppheta stemning, og retten legg til grunn at fornærma kneip tiltalte i arma slik at ho fekk eit lite merke. Dette, i tillegg til verbal sjikane, fekk tiltalte til å reagere med å sjå fornærma i ansiktet med flat hand. Ho heldt samstundes si



unge dotter på venstre arm. Retten kom til at tiltalte gjengjeldte ei lekamskrenking med ei anna, og valde å frifinne kvinna. Ho fekk i tillegg erstatning frå staten for sine utlegg til forsvarar. Erstatninga kom på 7.787,50 kroner.



- Provosierende av Helse Sunnmøre

- Helse Sunnmøre har stengt Facebook for alle tilsette, men sjølv så har dei laga seg ei eiga Facebook-side for å nå betre ut til folket. Det er dobbelt-moralsk, meiner ei provosert kvinne.

Hareid skule hoppa seg til siger

Nasjonalforeningen for folkehelsen har kåra klasse 7b ved Hareid skule i Møre og Romsdal, som ein av tre landsvinnarar av årets hoppetaukonkurranse. 5 - 7. klasse ved Kvamsøy oppvekstsenter og 4. klasse ved Sandsøy oppvekstsenter er i tillegg trekt ut som fylkesvinnarar.

Ved å hoppe éin time og 50 minutt kvar dag i konkurransen, har dei 18 elevane i klasse 7b ved Hareid skule hoppa seg til ein nasjonal premie på 6.000 kroner og ein fylkespremie på 3.000 kroner.

Ingen merknad til søknad

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ingen merknader til søknaden om utlegging av flytebrygge med landfeste og gangbru i Kilspollen.

209 ledige politistillingar

(NPK): Totalt var 209 politistillingar ledige i midten av mai, viser innrapporterte tal til Politidirektoratet.

Politidistrikta hadde 139 ledige stillingar, medan det same talet for særorgana var 70. Tala omfattar ledige stillingar som ikkje var fylt opp per 14. mai i år, men som er under tilsetjing eller bestemt kunngjorde. Blant dei 209 stillingane er 10 ledige på grunn av mangel på kvalifiserte søkjarar. Politidirektoratets tal viser også at 130 av 430 studentar som blir uteksaminerte frå Politihøgskolen i 2010 har fått jobb i politietaten.

• Alle typer vindu
• Dører inne/ute
• Kjøkken/bad
• Kvitewarar
• Garasje
• Trapper

Dale Ope 9-16 (18)
10-14
BRØDRENE DALE AS Tlf. 70 07 44 80